



## ÅRSMELDING 2018

Eikanger-Bjørsvik Musikklag (EBML)

*Lagt fram for årsmøtet i EBML 15.02.19*



## **A – Administrasjon**

### **1. Styret**

Etter valet på årsmøtet 16.02.2018 konstituerte styret i Eikanger-Bjørsvik Musikklag (EBML) seg slik:

Leiar:	Stig Ryland	– vald for 1 år
Nestleiar Drift:	Viggo Bjørge	– vald for 2 år
Nestleiar Musikk:	Magnus Brandseth	– ikkje på val
Marknadsleiar:	Lubna Jaffery	– vald for 2 år
Økonomileiar:	Toril Ones	– vald for 2 år
Styremedlem:	Gerd Karine Eriksrud Lunde	– ikkje på val

Varamedlemmer:

Kjetil Djønnø, Steinar Brevik og Alexander Reme Torsvik – alle for 1 år.

Valnemd:

Einar Vaage (leiar), Kristian Grotle og Lena Westgård Røedvang.

Styret hadde åtte ordinære møte i 2018. Styret har i tillegg til vanlege styremøte også handsama ei rekke hastesaker via e-post og styresida på Facebook. Styreleiar og nestleiarane har også møtttest nokre gonger for å handsama og førebu saker knytt til drift og økonomi. Varamedlemmene har vore innkalla til alle styremøta.

### **2. Gruppeleiarforum (GF)**

Gruppeleiarforumet er det rådgjevande organet for styre, dirigent, repertoarutval og LPL når det gjeld den musikalske utviklinga av korpset. Forumet består av gruppeleiarane i korpset og vert leia av Nestleiar Musikk. GF har også nær kontakt med korpset sin faste dirigent Reid Gilje.

### **3. Ulike utval**

For å sikre god planlegging og gjennomføring av ulike prosjekt, har korpset sett ned fleire utval der medlemmene er representerte. Desse utvala er Langtidsplanleggingsutvalet (LPL), Korttidsplanleggingsutvalet (KPL), Korpsutvalet (KU), Økonomiutvalet (ØK), Repertoarutvalet (REP), Medieutvalet (PMS), Profileringsutvalet (ProfPØK), Reiseutvalet (RU), Uniformskomiteen (UK) og Sosialutvalet (SU).

### **4. Lønna engasjement**

Reid Gilje er tilsett som musikalsk leiar.

## 5. Revisor

Revisorar i 2018 har vore Arvid Holm og Øystein Hagesæther.

### ***B – Økonomi***

2018 var eit svært aktivt år for korpset med deltaking i mellom anna fire konkurransar (NM, EM, British Open og Siddis Brass) og fleire konsertar i Bergensområdet. Honorar i samband med speleoppdrag og billettinntekter er ei viktig inntektsskjelde for oss. Medlemmene har dessutan endå ein gong gjort ein stor innsats med å selje EM-kalendarar. I 2018 fekk me også ei uventa og gledeleg auke i både momskompensasjon og vaksenopplæringsmidlar. Me er glade for at det også kjem stadig nye støttemedlemmer til. Dette gjev oss meir pengar i kassa. Sjølv om reknskapen viser fleire gledelege tal på inntektssida, sprekk me med fleire hundretusen i høve til budsjettet. Trass i mange forsøk har me ikkje lukkast med å skaffe oss dei sponsorinntektene og bedriftsmedlemsskapa som me hadde tru på.

På utgiftssida har me i år gjort store og nødvendige investeringar i kjøp av nye uniformar. Lagsbilen har også krevd ekstra store summer i reparasjonar og vedlikehald. I tillegg har me brukt vesentleg meir i leige av konsertlokale i år enn tidlegare.

Trass i eit år med stort underskott er økonomien i korpset framleis god. 2018 vart redda takka vere oppsparte midlar.

### ***C – Medlemskap***

#### ***Faste utøvande medlemmer (per 31.12.2018):***

Jon-Vegar Sole Sundal , Eb kornett  
Stanley Westh, Bb kornett  
Ben William Hirons, Bb kornett  
Stefan Cooper, Bb kornett  
Dingaen Chabalala, Bb kornett  
Arnfinn Rønneberg, Bb kornett  
Marit Holm, Bb kornett  
Ingebjørg Eide, Bb kornett  
Tyra Andrea H. Sture , Bb kornett  
Tina Toklum, Bb kornett  
Lasse Magnussen, Bb kornett  
William Anthun, Bb kornett  
Gyda Matland, Flygelhorn

Hilde Øian, Eb horn  
Gerd Karine Eriksrud Lunde , Eb horn  
Ingvild Fagna, Eb horn  
Nina Mjanger Eide, Baryton  
Astrid Eide, Baryton  
Grethe W. Tonheim, Trombone  
Vidar Nordli, Trombone  
Sølvi Ones, Trombone  
Tore Bryne Berg, Bass trombone  
Lars Otto Torsvik, Euphonium  
Kjetil Djønne, Euphonium  
Magnus Brandseth, Eb tuba  
Sondre Ø. Undertun, Eb tuba  
Alexander R. Torsvik, Bb tuba  
Kristian Grotle, Bb tuba  
Svein Fjermestad, Slagverk  
Kishant Halvorsen, Slagverk  
Martin Kjeilen Steinseide, Slagverk  
Andreas Roslund, Slagverk

***Utøvande medlemmer i permisjon:***

Kim Systad, Slagverk  
David Morton, Bb kornett  
Geir Haukås, Bb kornett

***Øvrige medlemmer:***

Stig Ryland  
Viggo Bjørge  
Steinar Brevik  
Reid Gilje  
Toril Ones  
Lubna Jaffery

***Medlemmer som slutta i løpet av 2018:***

Fredrick Schjelderup, Slagverk  
Tone-Reneé Bjørkhaug Gjendemsjø, Althorn  
Kristin Tømmermo Holmås, Althorn  
Christopher Westgård Røedvang, Bb kornett  
Lena Westgård Røedvang, Bb kornett  
Fredrik Ertvaag, Slagverk

### **Æresmedlemmer (per 31.12.2018):**

Svein Jarle Bjørsvik  
Sigurd Gjelsvik  
Oddvar Bjørge  
Ivar Nordland  
Viggo Bjørge  
Edy van Asch  
Helge Haukås  
Bjørn Olav Hagesether  
Øystein Hagesæther  
Tom Brevik  
Knut Harald Rydland  
Odd Idar Bjørsvik  
Howard Snell  
Rolf Bjørge  
Rune Mjanger  
Per Herland  
Grethe W. Tonheim  
Sølvi Ones  
Frode Rydland

Det vart ikkje utnemnd nye æresmedlemmer i 2018.

### **Støtteapparat**

Støtteapparatet har bidratt nok ein gong med uvurderleg hjelp under korpset sine konsertar. Me takkar Per Herland og Øystein Hagesæther som har vore på plass når slagverk skal berast og fraktast, og når lunsjmat skal lagast.

### ***D – Reiser og turnear***

I 2018 har korpset ikkje hatt nokre turnear, men me har deltatt i fleire konkurransar i Noreg og utanlands. Detaljert info om desse står i oppdatert speledagbok.

02.05-06.05: Europameisterskapet i brassband – Utrecht, Nederland

07.09-09.09: The British Open Brass Band Championships – Birmingham, England

02.11-04.11: Siddis Brass – Stavanger

## ***E – Instrument, effektar, bilhald***

Musikklaget eig musikkinstrument og utstyr for store verdiar.

EBML eig ein MAN lastebil 1998-modell med lift som vert nytta til frakt av slagverk. Kostnader til vedlikehald av denne har stige dei siste åra, og styret ser på moglege løysingar som kan tilfredsstille EBML sitt behov. Eit alternativ er å investere i ein brukt lastebil med lågare forventa vedlikehaldsskostnader, og få denne fullt eller delvis sponsa av ei lokal bedrift. Eit anna alternativ er å leige lastebil ved behov. Styret freistar å finne ei løysing på dette før ytterlegare vedlikehald av den noverande lagsbilen vert naudsynt.

Vedlagde lister syner instrumentparken i korpset si eige. Musikklaget har vunne ein del instrument i konkurransar dei siste åra, og nokre av desse ønskjer me å selje. Dette salet har gått litt tregt, då marknaden for musikkinstrument ikkje er den mest aktive, men styret vil halde fram med dette arbeidet utover i 2019.

## ***F – Instruksjon***

### **Fast dirigent:**

Reid Gilje

### **Gjestedirigentar:**

Ingar Bergby  
Howard Snell  
Bjarte Engeset  
Andreas Hansson

### **Instruksjon og innstudering:**

Grethe Tonheim  
Frode Rydland  
Torgrim Grong  
Sverre Riise  
Vidar Nordli  
Joe Cook  
Tormod Flaten  
Lars Otto Torsvik



## ***G – PR, media, marknadføring***

Korpset sine sider på Facebook er hovudplattforma for infoarbeidet vårt. Oppdateringane vert gjort jamnleg av medlemmer og inneheld mellom anna bilete, lenker, videoar, arrangementsinformasjon og helsingar. Saman med oppdateringar på Instagram, Twitter og Snapchat, søker me å nå ut til så mange følgjarar som mogleg. Korpset har med suksess streama frå fleire konsertar. Videoar av EBML lagt ut på nettstaden [youtube.com](https://www.youtube.com) har også vore sett av mange.

Styret har som ambisjon at nettsidene våre skal vera aktuelle og gje besøkjande informasjon om laget sin aktivitet og si historie.

Det vert kontinuerleg arbeid med å halde oppe EBML sin profil, og me søker stadig å finne nye stader å få gjennomslag for våre presseoppslag. I juni hadde me t.d. eit stort oppslag i Bergens Tidende om kor krevjande det har vore å skaffe oss sponsorar. Konsertane våre får regelmessig omtale på «Det skjer»-sidene i Bergens Tidende, Bergensavisen, Avisa Nordhordland og Strilen. Mange av avisene er også flinke til å skrive om deltakinga vår i konkurransar.

Korpset fekk fleire nomineringar frå 4barsrest i 2018: Årets korps, Årets instrumentalist: Jon-Vegar Sole Sundal og Årets konkurranseframføring: Partita (NM).

Bransje- og nisjeredaksjonar er generelt opptatt av EBML sine prosjekt. Me er jamleg omtalt i [musikkorps.no](https://www.musikkorps.no), Brass Band World, The Brass Herald, British Bandsman og 4barsrest.

EBML har også avtale med Avisa Nordhordland om annonsering og samarbeid om julekonserten.

Me har i 2018 gjort avtale med John Vint Photography om at han kjem og dokumenterer samtlege av konsertane våre denne sesongen, så sant han har høve til det.

## ***H – Representasjon***

Ingen frå EBML er pr. d.d. representerte i råd eller utval i NMF

## ***I – Organisasjon***

EBML er medlem av Norges Musikkorps Forbund og sorterer under regionen NMF Hordaland.

## ***J – Lagshus og øvingsrom***

Musikkhuset har blitt nytta mykje i år, som andre år. I tillegg til dei faste brukarane EBML, Oster Brass og Knarvik Skulekorps, har det også vore utleigd til fleire andre korps - både lokale og langtreiste. Bjørsvik Brass har ogs nytta seg av huset på fleire av sine øvingar. Huset vert også nytta til samlingar for fFeriespel, trombonesamling, juff/baritonesamling, kornettsamling, tubasamling, slagverkssamling og gruppeøvingar. Det er også nokre som har einetimar her.

Det årlege julebordet vårt var også – i god tradisjon- halden i Musikkhuset.

Elles har drift og vedlikehald av huset gått greit i 2018, men me truleg gjere ei oppgradering av lys i 2019.

Oster Brass står for vasking av Musikkhuset og rapporterer dette til Nina M. Eide.

## ***K – Konkurransar***

### **Noregsmeisterskapen (9. og 10. februar):**

Dirigent: Ingar Bergby

Pliktnummer: Aubade av Torstein Aagaard-Nilsen (98 p)

Sjølvald: Partita av Wilfred Heaton (99 p)

Poengsum: 98,5

Plassering: Noregsmeister 2018

### **Europameisterskapen (4. og 5.mai):**

Dirigent: Ingar Bergby

Pliktnummer: Time for Outrage (Marco Pütz) (90 p)

Sjølvald: Partita av Wilfred Heaton (97 p)

Poengsum: 187

Plassering: 5

### **The British Open Brass Band Championships (8. september):**

Dirigent: Bjarte Engeset

Pliktnummer: A Brussels Requiem av Bert Appermont

Plassering: 4

### **Siddis Brass (3. november):**

Dirigent: Reid Gilje

Program: The Four Elements - Fire, Air, Water and Earth



- Fireball - Komponist: Fredrick Schjelderup
  - Window no.1 - Komponist: Svein Fjermestad
  - Air : Wind - Komponist: Reid Gilje/Andy Sheppard Arrangør: Reid Gilje
  - Water : The drop - Komponist: Frode Rydland
  - Earthquake - Komponist: Kjetil Djønne
- Poengsum: 97+8  
Plassering: 2

## ***L – Ungdomsprogrammet***

EBML satsar sterkt på rekrutteringsarbeid i lokalmiljøet. Dette er viktig for skulekorpsa i regionen og for korpset sjølv på sikt.

EB-junior blei ikkje arrangert i 2018, men er under evaluering og vidareutvikling.

Sitt-inn vart gjennomført i mai med fleire av dei lokale skulekorpsa før dei skulle ta del i NM for skulekorps.

Sommaren 2018 arrangerte vi Feriespelet for 21. gong. Også i år var det ein stor suksess, og over 100 ungdomar var med. Dei eldste fekk tilbod om å kome torsdag, medan dei øvrige kom på onsdag. Dirigentar var Svein Fjermestad, Patrik Randefalk og Fredrick Schjelderup. Prosjektansvarleg var Vidar Nordli.

Kornett-, trombone-, horn-, euphomium og baritone- og slagverkgruppa arrangerte alle instrumentaldagar i 2018.

## ***M – CD-utgjeving***

Korpset er med på Chandos si utgjeving av «Berlioz – Grande Messe Des Mortes», saman med Bergen Filharmoniske Orkester. CD-en vart gitt ut i samband med Festpillene 2018 i Bergen.

## ***N – Sponsorar og støttespelarar***

### **Hovudsponsorar**

Samarbeidet mellom EBML og FLT sitt utdanningselskap Addisco vart avslutta ved årsskiftet 2017/2018. Styret ønskjer å rette ei stor takk til Addisco for ein særskild god relasjon og

økonomisk støtte gjennom ti år.

Det har også gjennom heile 2018 vore jobba mykje med å skaffe EBML nye hovudsponsorarar. Over 40 ulike bedrifter har vore kontakta, men det har ikkje lukkast med å få til ein avtale med nokon av desse.

### **Bedriftsmedlemskap**

Hausten 2018 vart det sett i gong ein kampanje for å verve bedriftsmedlemmer til korpset. Det har også vore lita respons på denne.

### **Andre samarbeidspartnarar**

EBML vidareførte avtalen med Avisa Nordhordland om annonsering. Avtalen utgjer eit betydeleg beløp, og samarbeidet er i tillegg viktig for forankringa vår i lokalmiljøet. Me har også vidareført vårt langvarige samarbeid med Reklamehuset og Hageland Eikanger. EBML har også bedriftsavtalar med Knarvik Senter, Musikk-Miljø og Dale of Norway.

Sparebanken Vest har i fleire år vore ein trufast støttespelar gjennom ordninga «Allmennyttige fond», mellom anna til Feriespel og EM-deltaking. I 2018 fekk me støtte til Feriespel.

Korpset samarbeider med Unison om ei rekkje prosjekt, mellom anna Konsertserien og Fredagsvorspiel.

Støttelaget talde 61 medlemmer ved utgangen av 2018. Dette er ein auke på 20 personar sidan 2017. Dei mottek medlemsbladet "Brass" fire gonger i året.

Korpset mottek årlege tilskott frå Lindås kommune, og gjennom Norges Musikkorps Forbund nyt også korpset godt av gode støtteordningar.

Små og store verksemder bidrog også med annonsestøtte og andre tenester i året som har gått.

EBML takkar alle samarbeidspartnarar, bidragsytarar og andre støttespelarar i året som gjekk;

### ***O – Organisasjonsutvikling***

EBML har som mål å kontinuerleg utvikle organisasjonen og medlemmene. Styret har i 2017 halde fram med å fokusere på verdiane våre Kvalitet, Engasjement og Fellesskap og korleis me kan bruke desse til å bli betre både musikalsk og sosialt. Verdiane skal også hjelpe

korpsset til å nå visjonen vår om å vere leiande.

Eikanger-Bjørsvik har også i 2018 fokusert på styrking av fokus, samhandling og prestasjonar ved hjelp av eksterne instruktørar og coachar, mellom anna tidlegare handballspelar Anja Hammerseng-Edin. Dette har vore svært godt tatt imot av medlemmene. Viktige temaer som har blitt belyst er å setje seg mål, fokusere riktig, evaluere prestasjonar og takle forventningspress.

## ***P – Arrangement, prosjekt, konsertar***

EBML har også i 2018 vore aktiv på ulike arenaer. Dei lokale arrangementa har vore:

- Sitt-inn med lokale skulekorps i høve skulekorps-NM.
- Feriespel.
- Konsert saman med Kaland og Lindås Skulemusikkorps på Haugatun.
- Julekonsert saman med Vokalensemblat Skrik i Knarvik Kyrkje.

Arrangement andre stader:

- Speling saman med Bergen Filharmoniske Orkester på opningskonserten under Festspillene.
- «Fredags-vorspiel» i Peer-Gynt, Grieghallen, der storband-musikk stod i sentrum. Solistar var Majken Christiansen og Jan Kåre Hystad.
- Ensemblekonsertar i september i samband med Kulturnatt i Bergen, i samarbeid med B3 - Bergen Treblåsensemble.

Andre større arrangement/prosjekt har vore Julekonsert for PWC, Konsertserien i Bergen (produsert av Unison AS), før-konkurrans-konsertar og deltaking på NM og Siddis Brass. Korpset har også hatt ei rekkje tenpiece-opppdrag, mellom anna på Moldegaard, Statsraad Lehmkuhl, opninga av nytt sjukehus på Haraldsplass og opninga av Bergen Julemarked.

Korpset deltok også på British Open for første gang.

Totalt har det vore 167 felles samlingsdagar samt nær 60 samlingar for grupper og om lag 8 samlingsdagar i samband med ungdomsarbeidet. Sjå dagboka for meir informasjon.

## ***Q – Sluttord***

Styret vil takka alle medlemmene for utmerka innsats i året som har gått. Ein særleg takk går til støtteapparatet og alle andre som yt meir enn dei må for at EBML-organisasjonen skal fungere godt.

Ein ekstra stor takk går til vår faste dirigent Reid Gilje som målbevisst arbeider med å betre

corpset musikalsk.

2018 var eit økonomisk svært krevjande år, men styret er glad for at corpset trass i dette har klart å halde fram med si musikalske utvikling. EBML stadfesta sin sterke posisjon i Noreg med å vinne NM for tredje gong på rad, og dei gode resultatane frå EM og British Open syner at corpset er blant dei aller beste i Europa. Me har også gjennomført flotte konsertar og er heile tida oppteken av å vidareutvikle ungdomsarbeidet vårt.

Me ønskjer nye medlemmer velkomne og takkar særst mykje for innsatsen til dei som har slutta i år.

Styret takkar også for tilliten som vart gitt oss av årsmøtet i 2018, og me ønskjer det nye styret lukke til i 2019!

### ***Knarvik 15.02.2018***

Stig Ryland, leiar

Viggo Bjørge, nestleiar Drift

Magnus Brandseth, nestleiar Musikk

Lubna Jaffrey, marknadsleiar

Toril Ones, økonomileiar

Gerd Karine Eriksrud Lunde, styremedlem

Kjetil Djønne, varamedlem

Steinar Brevik, varamedlem

Alexander Reme Torsvik, varamedlem